

VEDTEKTER FOR DÅFJORD NÆRINGSFORUM

§ 1 Føremål

Foreininga er ein interesseorganisasjon for innbyggerane i Dåfjord.

Dåfjord Næringsforum skal:

- jobba for og fremja innbyggerane, næringsliv og interessentar sine interesser i samfunnet.
- fungera som eit kontaktnettverk og samarbeidsforum mot kommunen.
- søkja og fremja gode forhold for både innbyggerane og næringslivet

§ 2 Organisatorisk tilknytning

Dåfjord Næringsforum er ein frittstående interesseorganisasjon, utan binding til andre organisasjonar.

§ 3 Medlemmer

Medlemskap i Dåfjord Næringsforum er for alle innbyggerane, interessentar og næringsdrivande i Dåfjord.

§ 4 Kven har stemmerett og kan bli valt

Alle medlemmer har stemmerett og kan veljast til tillitsverv i foreininga.

§ 5 Kontingent

Kontingenten blir fastsett av årsmøtet og skal betalast på forskot.

Medlemskontingent:

Enkeltmedlemmer	kr 250
Husstand	kr 400
Bedrift	kr 500

Medlemmer som skuldar kontingent for meir enn eit år, har ikkje stemmerett eller andre rettar, og kan strykast av styret som medlem av foreininga. Medlemmet kan ikkje takast opp igjen før all skuldig kontingent er betalt.

§ 6 Godtgjersle til tillitsvalde

Tillitsvalde kan mottar eit rimeleg honorar for arbeidet sitt og refusjon for faktiske utgifter. Utgifter til godtgjering og refusjon for faktiske utgifter skal gå fram av budsjett og rekneskap.

Retningslinjer skal utarbeidast av styret. Maks honorar blir vedteken av årsmøte.

§ 7 Årsmøte

Årsmøtet er Dåfjord Næringsforum sitt høgaste organ. Årsmøtet skal haldast kvart år innan slutten av april og innkallast av styret med 1 mnd varsel med skriftleg melding til medlemmene. Forslag som skal behandlast på årsmøtet skal vera sendt til styret seinast 2 veker før årsmøtet. Fullstendig sakliste må vera tilgjengeleg for medlemmene seinast 1 veke før årsmøtet.

Alle medlemmer har tilgang til årsmøtet. Årsmøtet kan invitera andre personar og/eller media til å vera til stades.

Årsmøtet er vedtaksført med det antal stemmer som møter. Ingen har meir enn ei stemme, og stemmegjeving kan skje ved fullmakt. Ved avstemming skal, med mindre anna er bestemt, eit vedtak ha alminneleg fleirtal for å vera gyldig. Blanke stemmer skal sjåast på som ikkje avgitt.

§ 8 Årsmøtet sine oppgåver

Årsmøtet skal:

1. Godkjenna årsmelding.
2. Godkjenna revidert rekneskap.
3. Behandla innkomne forslag.
4. Fastsetja kontingenten.
5. Godkjenna budsjettet.
6. Velja:
 - a) Styreleiar
 - b) Styremedlemmer (3)
 - c) Varamedlemer (2)
 - d) Valkomite (2)
 - e) Revisor

§ 9 Ekstraordinære årsmøte

Ekstraordinære årsmøte kan haldast når styret bestemmer det, eller minst ein tredjedel av dei stemmeberettiga medlemmene krev det.

Møteinnkalling og vedtak skjer etter same reglar som for ordinere årsmøte

§ 10 Styret I Dåfjord Næringsforum

skal

1. utføre det årsmøtet har bestemt
2. Oppnemna etter behov komitear/utval/personar for spesielle oppgåver og utarbeida instruks for desse
3. Administrera og føra nødvendig kontroll med Dåfjord Næringsforum sin økonomi og eigendelar i samhøve til dei til ei kvar tid gjeldande instruks og vedtak.
4. Representera Dåfjord Næringsforum utad

Leiar kallar inn til styremøte ved behov. Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styret sine medlemmer er til stades. Vedtak blir fatta med fleirtal av dei avgitte stemmene. Ved stemmelikhet gjeld det som styreleiaren, eller vararepresentant som er utpeika av styreleiar, har stemt for.

Foreningen tegnes av styreleier og et styremedlem.

§ 11 Grupper/avdelingar

Dåfjord Næringsforum kan organiserast med avdelingar og/eller grupper. Desse kan leiast av oppnemnde tillitspersonar. Dåfjord Næringsforum sitt styre bestemmer oppretting av avdelingar/grupper, og korleis desse skal organisera seg og leiast. Styret har plikt overfor årsmøtet til å rapportera om aktivitet i dei ulike avdelingar/grupper.

Dåfjord Næringsforum heftar for avdelingar/grupper sine økonomiske forpliktingar, og avdelingar/grupper kan ikkje inngå avtalar eller representera Dåfjord Næringsforum utan styret si godkjenning.

§ 12 Vedtektsendringar

Endringar i desse vedtektene kan berre skje på ordinært eller ekstraordinært årsmøte etter å ha vore på sakslista, og det krevst 2/3 fleirtal av dei avgitte stemmene.

§ 13 Oppløysing

Dåfjord Næringsforum kan oppløysast dersom 2/3 av samla medlemstal stemmer for dette på ordinært eller ekstraordinært årsmøte. Årsmøtet bestemmer korleis eventuelle midlar skal brukast. Forslag om oppløysing av foreininga skal snarast sendast til medlemmene etter at det er motteken.

Vedteker av stiftingsmøtet 15.03.2018